



Egil Magnar Eidsnes  
Eidsnesvegen 107  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3990 - 17/404

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
05.01.2017

## Førebels svar - trong for tilleggskontroll og dokumentasjon gbnr 215/2 Eidsnes ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.12.16

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det går ikkje klart fram av søknaden kva for tiltak det søkast om dispensasjon for og kva for dispensasjonar det søkast om. Det må søkast om dispensasjon for LNF-føremålet i kommuneplanen og frå byggegrense mot sjø i kommuneplanen sin arealdel.
2. Arealet i sjø der ledninga skal leggjast er avsett til friluftsområde. Det må difor søkast om dispensasjon frå arealføremålet i sjø i kommuneplanen. Dispensasjonssøknaden må grunngjevast.
3. Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova. Det ligg føre nabovarsling frå 2014 som enkelte naboar signert medan øvrige naboar er opplyst varsla med urekommandert post. Varsling til naboar kan gjerast gjennom å nytte eigne byggesaksblankettar for nabovarsling. Varsling av naboar må enten vere signert eller sendt med rekommandert post. Nabovarsling skal ikkje være eldre enn 12 mnd.

Vi gjer forøvrig merksam på at det må søkast om utsleppsløyve i eigen søknad for tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 28.02.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Egil Magnar Eidsnes

Eidsnesvegen 107 5913

EIKANGERVÅG